

Det skjer

Meldingar til «Det skjer» kan sendast til:

■ redaksjon@firda.no

■ Faks 57 83 33 34

■ Firda, boks 160, 6801 Førde

■ Fristen er kl 13 to vyrkedagar før det skal på trykk



HEILPROFESJONELLE: Framsyninga «My Dream» er med heilprofesjonelle, funksjonshemma, kinesiske artistar. Denne framsyninga er sentral under neste års OL og Paralympics i Beijing.

Foto: My Dream

Kinesisk OL-framsyning til Fjaler

Hauglandssenteret i Fjaler er ein av tre spelestader i Norge for «My Dream», framsyninga som marknadsfører OL i Beijing 2008.

Framsyninga med heilprofesjonelle, funksjonshemma, kinesiske

ke artistar har så langt vitja over 40 land, og spelestaden har blant anna vore La Scala i Milano, Carnegie Hall i New York og operaen i Sydney.

Torsdag kjem dei kinesiske artistane til Hauglandssenteret, etter å ha halde framsyning for høgt profilerte gjester i Nobels Fredssenter og i Oslo Konserthus.

Mark Wang er grunnen til at

«My Dream» kjem til Fjaler. Han var funksjonshemma etter å ha overlevd ein flystyr som 12-åring. I 1997 vart Wang tildelt eit stipend for å kunne begynne ved Røde Kors United World College, den internasjonale skulen som held til på Hauglandssenteret. Stipendet vart overlevert Wang av dronning Sonja under eit statsbesøk i Kina.

Historia om Mark Wang er i

Kina eit symbol på at funksjonshemmingar ikkje treng å begrense sjansane til eit menneske. Ein fjernsynsserie om livet hans vart sett av millionar av kinesarar.

Mark Wang bur framleis i Norge, men pendlar til Kina der han sit i styret for ein stor interesseorganisasjon for funksjonshemma, China Disabled Persons' Federation Det er denne organisasjonen som står bak

«My Dream» og som er sentrale i planlegginga av neste års Paralympics og Olympiske leikar.

«My Dream» er eit rytmisk show med dans, song, kinesiske trommer og instrument. Eitt av innslaga «Angel og Life» handlar om Mark Wang og den cysisk fibrose-råka maratonhelten frå Lillesan, Ketil Moe, som vart Wangs store inspirator.

Revy 007

Torsdag: 10. klasse ved Sande skule presenterer «Revy 007 – Sande is not enough», torsdag kveld. Det skjer i gymsalen på Sande skule, og det blir parodi på alt frå James Bond til Bill Clinton. Det blir selt kaffi og kaker. Alle er velkomne!

Hyllestad Høgre

Tysdag: Hugs Høgre-møte på Hyllestad kommunehus i kveld.

Kurs om trusopplæring for Fjaler og Gaula

Torsdag: Vi gler oss over å vere prosjektkyrljeldar på trusopplæring i DNK. I samband med det vil vi invitere til informasjons- og inspirasjons-

samling på Ljosheim i Dale, torsdag kveld. Vi vil orientere om reforma og om vårt prosjekt «Saman i trua – saman i kyrkja». Det vert også sosialt samvær, matpause og ord for kvelden. Vel møtt!

Anita Øvreås Rusken,
prosjektleiar

Førde bedehus

Per Tweten kjem til Førde **onsdag** og **torsdag**, og vil halde møte på Førde bedehus desse to kveldane. Ta med deg ein ven og kom. Du er hjarteleg velkommen.

Nils Helge Friborg

Kurs og foredrag på Sunnivasenteret

Kunstterapeut Unni E. Ørbeck er tilbake i Askvoll! Vi minner om foredra-

get som er førstkommande **torsdag** kveld og kurset som startar **fredag** ettermiddag. I foredraget sitt vil Unni snakke om sin veg tilbake til livet etter ein alvorleg sjukdom. Ho utdanna seg til kunstterapeut, og driv i dag med dette på heiltid. Kunstterapi handlar om å finne tilbake til glede i deg sjølv og det leikande barnet som vi alle har der inne.

Tur til Hafstadfjellet

Onsdag: Vi held fram med onsdagssturan, denne gangen går turen frå Bekkjevatnet opp til Hafstadfjellet frå vest, vidare ned bakkane til Brulandsstelen og ut stien til Hundsrasta og langs Bymarka-stien i vasskanten på nordsida av Bekkjevatnet tilbake til bilane. Vi reiser samla frå Eso. Turen tar tre-fire timer. Ta på godt føtøy. **Indre Sunnfjord turlag**



UTSYN: På veg mot Hafstadfjellet.

Foto: J. P. Bøe

Nordfjord nærradio

Onsdag 30. mai: Kl 20: Bingoopp-ladning. Kl 20.30: Bingo. Vert Roald Antonsen. Kl 22.30: Gode odds, ved Odd Skogstad (r)

Torsdag 31. mai:

Kl 20: Maybe, ungdomssending ved Malin og Adrian.